

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 18.03.2021  
**SAKSHANDSAMAR:** Kjell Inge Solhaug  
**SAKA GJELD:** **Nye Førde sjukehus - løypemelding**

**ARKIVSAK:** 2020/1992

**STYRET:**  
Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**  
26.03.2021

**STYRESAK:**  
019/2021

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek løypemeldinga til vitende.

## **Oppsummering**

Dagabygget er overlevert til drift og teke i bruk av psykisk helsevern. Prosjektrekneskapen for delprosjekt viser at ein sluttkostnad på 336 millionar kroner. Budsjettet var på 349 millionar. Innsparinga i Dagabygget blir 3 millionar betre enn prognosen vi hadde ved utgangen av januar i år.

Den 23. mars 2021 signerer Helse Førde kontrakt med Veidekke om gjennomføring av Livaprojektet. Kontrakten er på 685 millionar ekskl. mva.

For Livaprojektet er det spesielle risikoar knytt til covid-19, samt usikre grunnforhold og stålprisar. Desse risikoforholda vil i hovudsak bli avklara i løpet av 2021.

Det er gjennomført ei restrukturering av budsjetta i Nye Førde sjukehus etter styrevedtaket 29. januar 2021. I arbeidet med kvalitetssikring av detaljbudsjettet har det vist seg nødvendig å auke investeringane i medisinskteknisk utstyr. Endringa treffer Livabygget med 11 millionar og Svanabygget med 5 millionar. Korrigert for innsparinga i Dagabygget blir Nye Førde sjukehus no rapportert samla sett å ligge 13 millionar over budsjett.

## **Dagabygget**

Dagabygget er overlevert og teke i bruk av psykisk helsevern. Det er positive tilbakemeldingar frå dei som har teke bygget i bruk, og det blir no lagt planar for evaluering av prosjektet og gjennomføringa. Teknisk drift følgjer opp prøvedriftsperioden og dei avsluttande arbeida utomhus. Prosjektrekneskapen for delprosjekt viser ein sluttkostnad på 336 millionar, medan budsjettet var på 349 millionar.

## **Kontraktssignering Livaprojektet**

Det er no semje med Veidekke om detaljar for signering av kontrakt på Livaprojektet. Kontrakten på 685 millionar ekskl. mva. blir signert den 23. mars. Det er brukt mykje tid på gjennomgang og presisering av innhaldet i kontraktsdokumenta, noko som tryggar partane på at det no er semje om kva som skal gjennomførast.

## **Utfordringar og risikoar**

Vi har ved utvikling av kontrakten hatt ein hovudfilosofi om at Helse Førde sjølv skal bere risiko for forhold som entreprenør ikkje kan påverke.

For Livaprojektet kan følgjande risikoar nemnast spesielt:

- Covid-19
- Uføresette forhold i grunnen
- Stålprisar
- Opsjonsliste med kostnadsnedtak på 12 millionar

Desse risikoforholda vil i hovudsak bli avklara i løpet av 2021. Det blir per no vurdert at reservepost på 48 millionar er tilstrekkeleg for å kunne gjennomføre Livaprojektet (37 millionar for Livabygget + 11 millionar for Svana 1).

## **Kvalitetssikring av detaljbudsjett**

Nye Førde sjukehus har endra budsjettstruktur etter styrevedtaket den 29. januar 2021. Ein månadsrapport med restrukturerte budsjett blir ettersendt som vedlegg til styresaka.

I arbeidet med kvalitetssikring av detaljbudsjettet har det vist seg nødvendig å auke investeringane i medisinskteknisk utstyr. Medisinteknisk utstyr med prioritet 2 var ikkje var teke inn i kontrollavstemminga for detaljbudsjettet inn mot styresaka, men er no lagt inn med 16 millionar.

Denne endringa treffer Livabygget med 11 millionar og Svanabygget med 5 millionar. Det er per no ikkje grunnlag for å redusere prognosar for reservepost. Delprosjekta blir av den grunn rapportert samla sett 13 millionar over budsjett.

### **Vedlegg:**

Månadsrapport for februar (blir ettersendt styresaka)